


## Sjekkliste for vurdering av risiko og sårbarheit i samfunnsplanlegginga

### REGULERINGSPLAN FISKÅBYGD

Emne	Er det knytt uakseptabel risiko til følgjande forhold?	Nei	Ja
Naturgitte forhold	a Er området utsett for snø- eller steinskred eller større fjellskred? <i>Liten fare for større steinskred iflg rapportane frå NGI. Fare for snø- og sørpeskred kartlagt, sjå rapportane frå NGI: 20031186-1 av 17.feb 2004 Fredsvoll 20011554-1 av 18.des 2001 Tørlestrupen-Fonnklovene(privat oppdrag). 79410-1 og -2 83412-1 av 3.mai 1983 Tørlestrupen 79439-1 av 14.juni 1979 Årøylegene Byggeområde i planen er tilpassa rassikre område ved Fredsvoll, ved at busetnaden er nedanfor kote 60. Nedanfor Fonnklovene er vurdert som trygt nedanfor kote 55. For området mot vest (Tørlestrupen), langs Grinjølselva, må det stillast krav til bygging av ein ledevoll mot sørpeskred på mellom 2 og 3,5 m mellom kote 15 og 30. Anbefalte sikringstiltak må gjennomførast før utbygging kan skje ved Tørlestrupen.</i>		X
	b Er det fare for flodbølger som følgje av fjellskred i vatn/sjø?	X	
	c Er det fare for utgliding av området (ustabile grunnforhold)?	X	
	d Er området utsett for flaum/flaumskred? <i>Det er overvassproblem i området. Sjå NVE oppdragsrapport av 28.10.2004 om forslag til utbetring. Dette er delvis gjennomført, men det manglar framleis tiltak ved skuleområde. Dette er nært føreståande. Målet er i hovudsak å nytte opne grøfter og naturlege elve-/bekkeløp.</i>		X
	e Er det registrert radon i grunnen? <i>Vi er ikkje kjend med at det har vore radonmåling i området, men grunnforholda tilseier at faren er liten.</i>	X	
	f Vil skogbrann/lyngbrann i området vere ein fare for bustader/hus?	X	
	g Er området sårbart for ekstremvær/stormflo? <i>For områda ved sjøen vil slike værtilhøve vere skadeleg for bygningar og anlegg. Ein må ta omsyn til varsla klimaendringar med høgare flomål. Alle nye bygg bør plasserast minst på kote 3.</i>		X
Omgivnad	a Regulerte vassmagasin i nærleiken, med spesiell fare for usikker is?	X	
	b Naturlege terrengformasjonar som utgjer spesiell fare (stup etc.)?	X	
	c Vil drenering kunne føre til oversymjing i lågareliggande område? <i>Sjå førre punkt d)</i>		X
Verksemdsrisiko	a Omfattar området spesielt farlege anlegg?	X	
	b Vil utilsikta/ukontrollerte hendingar som kan inntreffe i nærliggande verksemdar (industriføretak etc.), utgjere ein risiko for området?	X	
Brann-/ulykkesberedskap	a Har området utilstrekkelig slökkjevassforsyning (mengde og trykk)?	X	
	b Har området gode tilkomstruter for utrykkingskjøretøy?		X
Infrastruktur	a Er det kjende ulykkespunkt på transportnettet i området?	X	

	b	Vil utilsikta/ukontrollerte hendingar som kan inntreffe på nærliggande transportårer inkl. sjø- og luftfart utgjere ein risiko for området:	X	
	c	Er det spesiell risiko knytt til bruk av transportnett i området: - til skole/barnehage? - til nærmiljøanlegg (idrett etc.)?	X	
	d	Er det transport av farleg gods til/gjennom området? <i>Transport av gass til skipsverftet på Fiskåholmen og til vassverket i lia ovanfor Fagerhol.</i> <i>Gjennomgåande trafikk på fylkesvegen gjennom området til anlegg på Nordstranda.</i> <i>Førebyggjande tiltak vil vere å overhalde byggegrensene til veg.</i>		X
Kraftforsyning	a	Er området påverka av magnetfelt frå høgspenninger?	X	
	b	Er det spesiell klatrefare i høgspenningmaster?	X	
	c	Vil tiltaket endre (styrke/svekke) forsyningstryggleiken i området?	X	
Sårbare objekt	a	Medfører bortfall av følgjande tenester spesielle ulemper for området: -elektrisitet ? -teletenester? -vassforsyning? -renovasjon/spillvatn? <i>Området inneheld sentrumsfunksjonar som administrative kontor, politi, brannvern, lege og sjukeheim, og sikkerheit for desse vert ivareteke gjennom beredskapsplan.</i>		X
	b	Er det vassforsyning/drikkevatt i området <i>Kommunalt vassverk ligg like nord for området.</i>	X	
	c	Er det spesielle brannobjekt i området?	X	
	d	Er det omsorgs- og oppvekstinstitusjonar i området? <i>Vanylven sjukeheim</i> <i>Fiskåbygd skule</i> <i>Fiskåbygd barnehage</i> <i>Solsikka barnehage</i> <i>Vanylven aktivitetssenter</i> <i>Omsorgsbustader (I Grøthaugen og ved sjukeheimen)</i>		X
Er området påverka/forureina frå tidligare bruk	a	Gruver: opne sjakter, steintippar etc.? <i>Inngangen til Fiskå gruve frå 1600-talet er gjenopna som attraksjon, men er forsvarleg sikra mot fall.</i>		X
	b	Militære anlegg: fjellanlegg, piggrådsperringar etc.?	X	
	c	Industriverksemd som t.d. avfallsdeponering?	X	
Ulovleg verksemd	a	Er tiltaket i seg sjølv et sabotasje-/terrormål?	X	
	b	Finst det potensielle sabotasje-/terrormål i nærleiken?	X	

Sjekklista er gjennomgått den 29/06 – 2010 av sign:



Gudmund Sandnes, rådmann

VANYLVEN KOMMUNE

RÅDMANNEN

## **Sjekkliste for vurdering av risiko og sårbarheit i samfunnsplanlegginga.**

Rundskriv T-5/97 *Arealplanlegging og utbygging i fareområde* slår fast at kommunen har ein sjølvstendig plikt til å undersøkje med omsyn til farar både ved utarbeiding av arealplanar og ved vurdering av dele- og byggjetillatingar. Kommunen er ansvarleg for å foreta dei naudsynte forundersøkingane og for at resultatet av desse vert lagt til grunn i den vidare planlegginga. Skulle det oppstå skade som kunne vore unngått gjennom ein betre planprosess, vil kommunen kunne få eit økonomisk ansvar.

Fylkesmannen har som ei teneste til kommunane utarbeidd ei sjekkliste som gir ein standardisert og forenkla framgangsmåte for slike undersøkingar i **dispensasjonssaker, byggesaker og reguleringsplanar/reguleringsendringar**. Ved utarbeiding av kommunedelplanar eller kommuneplanens arealdel bør ei meir omfattande ROS analyse ligge til grunn.

Når sjekklista er gjennomgått må dette dokumenterast i saksframstillinga som ei stadfesting av at risikoen i det aktuelle området er vurdert. Der ein finn at det truleg eksisterar risiko må kommunen sjå til at det hentas inn tilstrekkelig fagkyndige vurderingar før planen vedtas eller byggeløyve vert givne. Ev. må det hentas inn ekspertundersøking av risikoen.

Sjekklista er ikkje fullstendig utfylt før den er datert og signert av den som går igjennom sjekklista.